



› 2 Kommuneleiing - Stab

Kommuneleiing – stab omhandlar fylgjande tenestoområde

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttfunksjonar i henhold til krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar.

Drift

	2 Kommuneleiing - Stab	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1000	2019	2019	2019	2018
1200	KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	4 825			4 066
1210	PERSONAL OG LØN	2 353	2 318	2 307	2 293
1220	ØKONOMI	4 001	4 104	4 219	3 834
1230	SERVICEKONTORET	2 580	2 564	2 547	2 487
1250	IKT	794	782	782	230
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	1 833	1 831	1 831	2 028
2110	BARNEHAGE	458	421	421	419
2120	GRUNNSKOLE	207	550	550	397
2412	PSYKISK HELSEVERN	101	99	99	99
2440	BARNEVERN TENESTE	238	231	231	355
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	664	613	486	640
TOTALT		18 053	17 525	17 454	16 847

Området hadde eit meirforbruk på ca kr 528 000. Overforbruket skriv seg i hovudsak frå teneste 1200 Kommunedirektør - Kommunalsjefar og skriv seg frå skifte av kommunedirektør og overgangen knytt til dette. Rådgjevarstilling innafor teneste 2120 grunnskule vart halden vakant, samt vakant stilling ved sjukefråver innafor teneste 1220 økonomi gjer at meirforbruket på rammeområdet vert redusert.

Området har ikke blitt endra i takt med vekst i øvrige tenestoområde. For å klare å ta imot den stadig aukande arbeidsmengda vert det heile tida arbeidd med å effektivisering gjennom digitalisering.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbygger.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbygger. I indikatoren inngår administrativ ledelse, stab- og støttefunksjoner, Data vises i kroner per innbygger.

I tabellen nedanfor er det ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 3 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde 120

Tala syner at Giske kommune har ein auke frå 2018 til 2019 med kr 143 per inbygger.

Giske kommune bruker kr 198 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 10. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 10 vil dette utgjort ein auke på 1,7 mill. kr.

Studier har vist at kommuner tolker og definerer administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanlignbare mellom alle kommunar og er noko usikkle.